



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 27.06.2019  
Vår ref.: 2017/17528-18  
Saksbehandlar: malutk  
Dykkar ref.: 17/2369 - 19/8524

Att. Rolf Raknes

## Fråsegn til 2.gong offentleg høyring og ettersyn - Kvalheimsneset fritidsbustad og serviceområde - Radøy kommune

Vi viser til brev datert 27.05.2019 om høyring av forslag til detaljregulering for Kvalheimsneset fritidsbustad og serviceområdet i Radøy kommune. Hovudføremålet i planen er å legge til rette for vidare utvikling av området med private fritidsbustader med frivillig utleiedel, samt restaurant, felles anlegg og konferansesenter. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til fråsegn til 1. gongs offentleg høyring av planendring i brev av 10.08.2018.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

#### Planfaglege merknader

Vi visar til fråsegn til 1. gongs offentleg høyring av planendring, i brev av 10.08.2018, då vi særskilt ønskte å poengtere at vi ønskjer at ein i den vidare planprosessen søker å finne løysingar som gjer strandsona mest mogleg tilgjengeleg for ålmenta. Planforslaget har no redusert omfanget av utbygginga med fem fritidsbustadar, for å ivareta ein skogkledd kolle i aust. Dette skal sikre at den ubygde funksjonelle strandsona vert ivaretaken, og ålmenn ferdsel forbi fritidsbustadane i aust er sikra via det breie grøntdraget.

Hordaland fylkeskommune er positiv til endringane i planforslaget.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdig kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert. Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av tiltak etter planen. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam

på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i kulturminnelova.

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget, utover det som vart påpeikt i fråsegn til 1. gongs offentleg høyring av planendring, i brev av 10.08.2018.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Malene Utkilen  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Malene Utkilen, Seksjon for plan, REGIONALAVDELINGA

Sigrun Wølstad, Fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND

Statens vegvesen - Region Vest